

Emne:	Nordhordlandspakken - planleggingsmøte	
Til stades:	Frå Statens vegvesen: Grethe Vikane, Kaisa Banne, Kirsti Arnesen, Svein Rosseland, Olav Finne og Gunhild Nes Vangsnes Frå Hordaland fylkeskommune: Håkon Rasmussen (møteleiar), John Martin Jacobsen og Jon-Rune Smørddal Frå Regionrådet Nordhordland: Rune Heradstveit (dagleg leiar) og ordførar Jon Askeland	
Forfall:		Sak: 2014/166-36
Møtetid:	07.11.2017 kl. 13:00-14:30	Møtestad: Hordaland fylkeskommune

Møteleiar: Håkon Rasmussen
Referent: Jon-Rune Smørddal

1. Stortingsproposisjonen (Prop. 164 S) ved HFK

John Martin Jacobsen presenterte deler av stortingsproposisjonen. Der står det mellom anna at det skal etablerast eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

2. Erfaringar frå styring av andre pakkar ved SVV

Kirsti Arnesen presenterte erfaringar frå styring av andre pakkar.

3. Organisering

Ulike modellar for organisering og representasjon i kontaktutvalet vart drøfta. Ut frå erfaring bør det ikkje vere for mange medlemmar i kontaktutvalet og det er viktig at utvalet har nødvendige fullmakter for å kunne styre effektivt.

Tilråding frå SVV og Hordaland fylkeskommune om at framtidig ordførar i nye Alvær kommune går inn i kontaktutvalet når samanslåinga er gjennomført. Fram til då er tilrådinga at ein av ordførarane i kommunane, som skal slåast saman til nye Alvær kommune, blir representert i kontaktutvalet. Dei fleste prosjekta i pakken ligg innanfor disse kommunane.

I tillegg er tilrådinga at dagleg leiar i Regionrådet for Nordhordland, som representerer alle kommunane som har prosjekt/tiltak i pakken, blir med i kontaktutvalet. Regionrådet tar opp sak om representasjon og organisering i møte 24. november 2017.

SVV og Hordaland fylkeskommune avklarar kven som skal vere representert i kontaktutvalet. Det er ønskjeleg at Grete Vikane (avdelingsdirektør i Statens vegvesen, Vegavdeling Hordaland) og Håkon Rasmussen (fylkesdirektør samferdsel Hordaland fylkeskommune) vert med i kontaktutvalet.

4. Status for arbeidet med prosjekta i Nordhordlandspakken ved SVV

Prosjektleiar Svein Rossland hadde ein kort gjennomgang av planlagt framdrift for etablering av bomstasjonar og status for dei 19 prosjekta satt opp i Prop. 164 S. Det er 10 godkjente reguleringsplanar, 3 områdereg. planar og 3 godkjente prosjekt.

5. Vidare arbeid – kva skjer når pakken når vedtak i Stortinget er fatta, neste møte

Johnny Finstad (repr. H frå Nordland) er saksordførar for handsaming av Prop. i Stortinget og gir saka vidare til presidentskapet 21.11.2017. Vedtak blir truleg ikkje gjort før over nyttår.

6. Bompengeselskap ved HFK

Det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS er etablert og har fått ein driftsorganisasjon etter kjøpet av BT Signaal AS. Selskapet er formelt sett ikkje eit bompengeselskap før selskapet har skrive under bompengavtale med SD og det skjer truleg om eit par veker. Selskapet har no starta arbeidet med å innfusjonera eksisterande bompengeselskap i selskapet. Alle nye prosjekt, som t.d.

Nordhordlandspakken når den vert vedteke, vil bli lagt til det regionale bompengeselskapet som prosjekt. Så snart Prop.164 S.er godkjent i Stortinget kan det leggjast til Sørvest Bomvegselskap AS, gitt at sørvest har fått avtale med SD.